



Innst. 70 L

(2009–2010)

Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

Prop. 25 L (2009–2010)

Innstilling fra finanskomiteen om endringer i lov om Statens pensjonsfond

Til Stortinget

Sammendrag

I proposisjonen gjer Finansdepartementet framlegg om endringar i lov om Statens pensjonsfond. Endringane er i hovudsak av redaksjonelt slag.

Den ordinære generalforsamlinga i StatoilHydro ASA 2009 har vedteke å endre namn på føretaket til Statoil ASA. Det nye namnet skal brukast frå og med 1. november 2009. Namneendringa krev endring i lov om Statens pensjonsfond, som har fleire tilvisningar til føretaksnamnet.

Vidare gjer departementet framlegg om ei mindre justering av namna til dei to delane av Statens pensjonsfond, Statens pensjonsfond – Utland og Statens pensjonsfond – Noreg. Bruk av bindestrek og stor forbokstav i "utland" er ikkje i samsvar med korrekt norsk rettskriving. Departementet foreslår derfor å justere omgrepa til "Statens pensjonsfond utland" og "Statens pensjonsfond Noreg".

Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg er lange omgrep, noko som kan være lite føremålstenleg i dagleg omtale. Som eit praktisk grep foreslår departementet å innføre SPU og SPN som offisielle forkortingar i lova.

Det har frå tid til anna oppstått høve der det er ønskeleg at staten gir lån eller skyt inn eigenkapital i selskap der SDØE har egedelar. I lovteksten slik den er i dag er det ikkje heilt klart om slike transaksjonar skal kome til fråtrekk i netto finanstransaksjonar i pe-

troleumverksemda. I proposisjonen foreslår departementet å klargjere at slike transaksjonar skal trekkast frå i berekninga av netto finanstransaksjonar.

Etter lov om Statens pensjonsfond § 8 andre ledd gjeld føresegner om Folketrygdfondet gitt med heimel i folketrygdlova § 23-11 fjerde ledd inntil anna blir fastsett etter § 7 i lova. Det er ikkje lenger nokre gjeldande føresegner gitt i medhald av folketrygdlova § 23-11 fjerde ledd og departementet foreslår derfor å oppheve det nå overflødige § 8 andre leddet.

Da forslaga i hovudsak er av redaksjonelt slag, har dei ikkje vore på høyring.

Departementet kan ikkje sjå at forslaget vil ha nokre nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Thomas Breen, Gunvor Eldegard, Irene Johansen, Gerd Janne Kristoffersen, lederen Torgeir Micaelsen, Torfinn Opheim og Dag Ole Teigen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Leirstein, Jørund Rytman, Kenneth Svendsen og Christian Tybring-Gjedde, fra Høyre, Gunnar Gundersen, Arve Kambe og Jan Tore Sanner, fra Sosialistisk Venstreparti, Lars Egeland, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Kristelig Folkeparti, Hans Olav Syversen, og fra Venstre, Abid Q. Raja, har ingen merknader og slutter seg til Regjeringens forslag.

Komiteens tilråding

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lov

om endringer i lov om Statens pensjonsfond

I

I lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond blir det gjort følgende endringer:

§ 2 skal lyde:

§ 2. Statens pensjonsfond forvaltes av Finansdepartementet. Fondet består av *Statens pensjonsfond utland (SPU)* og *Statens pensjonsfond Norge (SPN)*.

Statens pensjonsfond utland plasseres som innskudd på konto i Norges Bank. Motverdien forvaltes etter nærmere regler fastsatt av departementet, jf. § 7.

Statens pensjonsfond Norge plasseres som et kapitalinnskudd i Folketrygdfondet. Motverdien forvaltes etter nærmere regler fastsatt av departementet, jf. § 7.

§ 3 skal lyde:

§ 3. *Inntekter i Statens pensjonsfond utland er netto kontantstrømmen fra petroleumsvirksomheten som blir overført fra statsbudsjettet, netto finanstransaksjoner knyttet til petroleumsvirksomheten og avkastningen fra fondets plasseringer.*

Netto kontantstrømmen fra petroleumsvirksomheten utgjør bruttoinntektene i tredje ledd fratrukket utgiftene i fjerde ledd.

Følgende bruttoinntekter inngår i kontantstrømmen fra petroleumsvirksomheten:

1. *de samlede skatte- og avgiftsinntekter som innkreves ifølge lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v. og lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet*
2. *avgifter som innkreves etter lov 21. desember 1990 nr. 72 om avgift på utslipp av CO₂ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen*
3. *avgiftsinntekter ved utslipp av NO_x i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen*

4. *driftsinntekter og andre inntekter fra statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten*
5. *statlige inntekter på nettooverskuddsavtaler i enkelte utvinningstillatelser*
6. *utbytte fra Statoil ASA*
7. *overføringer fra Petroleumsforsikringsfondet*
8. *statens inntekter i forbindelse med fjerning eller annen disponering av innretninger på kontinentalsokkelen*
9. *inntekter fra salg av andeler som ledd i Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten.*

Følgende utgifter skal trekkes fra bruttoinntektene i tredje ledd:

1. *direkte investeringer i statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten*
2. *driftsutgifter og andre direkte utgifter i statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten*
3. *statens utgifter til Petroleumsforsikringsfondet*
4. *statens utgifter i forbindelse med fjerning eller annen disponering av innretninger på kontinentalsokkelen*
5. *kjøp av andeler som ledd i Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten.*

Netto finanstransaksjoner knyttet til petroleumsvirksomheten utgjør summen av brutto inntekter ved statlig salg av aksjer i Statoil ASA, fratrukket statlig kjøp av aksjer i Statoil ASA definert som markedsprisen staten betaler for aksjene og fratrukket statlig kapitalinnskudd i Statoil ASA og selskap som ivaretar statens interesser i petroleumsvirksomheten, samt finanstransaksjoner knyttet til selskaper i petroleumsvirksomheten hvor staten har eierinteresser.

§ 4 skal lyde:

Inntekter i *Statens pensjonsfond Norge* er avkastningen av de forvaltede midlene.

§ 8 andre ledd blir oppheva.

II

Lova tek til å gjelde straks.

Oslo, i finanskomiteen, den 1. desember 2009

Torgeir Micaelsen

leder

Hans Olav Syversen

ordfører